



Returadresse:
Skatteetaten, Postboks 9200 Grønland, 0134 OSLO

Saksbehandlar
Knut Ekerhaugen

Vår dato
07.08.2019

Telefon
+47 61053775

Vår referanse
1675148

Arkivnr.
2019/5891694

Unntatt offentlighet
Offl. § 13, sctfv. § 3-1

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

ORG.NR. 951 549 770 MVA - MELAND KOMMUNE DE ER REGISTRERT I MEIRVERDIAVGIFTSREGISTERET

Vi viser til meldinga dykkar om registrering i Meirverdiavgiftsregisteret, og stadfester at de no er registrerte.

Sjekk at opplysningane er rette

Vi har registrert MELAND KOMMUNE med opplysningane nedanfor. Det er viktig at de sjekkar at desse opplysningane stemmer, og gjev oss tilbakemelding dersom noko er feil.

Kontonummer:	1503 18 83722		
Mva-meldingsplikt:	Frå: mars - april 2004 mai - juni 2019 året 1995 året 2000 året 2001	Til: året 1995 året 2000 året 2003	Termin- og blankettype: 2-månadleg - Kompensasjon 2-månadleg - Alminneleg næring årleg - Primærnæring årleg - Kompensasjon årleg - Kompensasjon
Næring:	84.110 91.022 85.601	Generell offentleg administrasjon Drift av kulturhistoriske museum Pedagogisk-psykologisk rådgivingsteneste	



Rolle/knytning:	07.03.1964	KULILD MARTIN WILLIAM	Dagleg leiar / adm. direktør
	04.01.1968	ODDEKALV ØYVIND HELLAND	Kontaktperson
	13.06.1974	BYE ELIN	Revisor med rett til å attestere kompensasjonsoppgåver
	21.03.1984	ERAKER JANNE	Revisor med rett til å attestere kompensasjonsoppgåver
	17.03.1943	HALLAND ESTHER B	Revisor med rett til å attestere kompensasjonsoppgåver
	27.01.1945	KVINGEDAL HELGE MARTIN	Revisor med rett til å attestere kompensasjonsoppgåver
	17.12.1973	TJORE SIGRUN	Revisor med rett til å attestere kompensasjonsoppgåver
	971 361 433	NORDHORDLAND REVISJON IKS	Revisor

Send inn skattemeldingar for meirverdiavgift

Alle som er registrerte i Meirverdiavgiftsregisteret, har plikt til å sende inn skattemeldingar for meirverdiavgift (mva-meldingar). Denne plikta gjeld uansett om verksemda har hatt meirverdiavgiftspliktig omsetning i ein termin eller ikkje. Fristen for å sende inn mva-meldingane og betale skuldig meirverdiavgift er:

- 1 måned og 10 dagar etter slutten av kvar termin. Fristen for tredje termin er likevel 31. august

Mva-meldingane skal leverast inn elektronisk på altinn.no.

Årleg mva-melding for dei som ikkje driv primærnæring

Dersom de det første året sender mva-meldingane og betaler skuldig meirverdiavgift til rett tid, kan de søkje om årleg mva-melding. Føresetnadene er at omsetninga dykkar er mindre enn kr 1 million, at de har levert mva-melding kvar andre måned i eitt år, og at de søkker om årleg mva-melding innan 1. februar det året de ønskjer årleg mva-melding for.

Har de gjort innkjøp før de registrerte dykk?

De kan krevje frådrag for inngåande meirverdiavgift på innkjøp de har gjort før de registrerte dykk i Meirverdiavgiftsregisteret (tilbakegåande avgiftsoppgjer). De fremjar eit krav om frådrag ved å sende inn tilleggsmelding for registreringsterminen.

Betal forfalne terminar no – det blir lagt til renter

Dersom de har registrert verksemda for seint, kjem det til renter på det de skulle ha betalt i tidlegare terminar. Renter blir rekna ut frå den opphavlege forfallsdatoen for terminen og heilt fram til de betaler. Vi tilrår derfor at de betaler så snart som mogleg, dersom de ikkje har betalt skuldig meirverdiavgift for tidlegare terminar.



Meld frå dersom noko endrar seg

Dersom den meirverdiavgiftspliktige omsetninga tek slutt, eller verksemda får nytt kontonummer/IBAN, blir leigd bort eller overdregen til ein ny eigar, må de gi beskjed til skattekontoret. Dersom verksemda blir starta opp på nytt etter eventuelt å ha blitt avslutta, må de sende ei ny melding om å bli registrerte i Meirverdiavgiftsregisteret. Dersom de får ny rekneskapsfører, eller dersom ansvarsforhold, bransje og liknande endrar seg, må de gi beskjed til Brønnøysundregistera. Enkelpersonføretak må, dersom eininga flyttar, gi beskjed til Brønnøysundregistera i tillegg til Folkeregisteret dersom forretningsadressa også er bustadadresse.

Aktuelle reglar

Desse lovene og forskriftene er aktuelle for informasjonen i dette brevet:

- retten og plikta til å bli registrert i Meirverdiavgiftsregisteret: sjå meirverdiavgiftslova § 2-1
- plikta til å melde frå om endringar og opphøyr: sjå skatteforvaltningslova § 8-13 andre ledd, meirverdiavgiftslova § 14-3 og einingsregisterlova § 15
- retten til frådrag for inngåande meirverdiavgift på anskaffingar som blei gjorde før registrering i Meirverdiavgiftsregisteret (tilbakegåande avgiftsoppgjer): sjå meirverdiavgiftslova § 8-6 og meirverdiavgiftsforskrifta § 8-6-1
- kvalifikasjonsperiode for rett til å levere årleg mva-melding: sjå skatteforvaltningsforskrifta § 8-3-3 andre ledd

Lover og forskrifter som det blir referert til, finn de på lovdata.no.

Har de spørsmål?

Det er viktig å oppgi referansenummeret når de kontaktar oss. Referansenummeret er anten saksnummeret som står øvst i brevet under 'Vår referanse', eller org.nr./fødselsnr. Gje opp eit telefonnummer vi kan nå dykk på.

De kan lese meir om meirverdiavgiftsreglane på skatteetaten.no eller ringje 800 80 000 (frå utlandet +47 22 07 70 00), eventuelt sende e-post ved å gå inn på skatteetaten.no/sendepost.

Med helsing
Skatteetaten